



Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad:	Sandane
Dato:	04.03.2025
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møtestart kl 10.00

Lunsj ca kl 12.30

Vi ser om vi må halde fram med møtet etter lunsj.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/25	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
RS 1/25	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 1/2025		2019/4183
ST 3/25	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for 2025		2019/2581
ST 4/25	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Evaluering og rullering av Rådgjevande utval		2019/19446
ST 5/25	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - fornye fleirårig løyve til transport av saltstein - Gjengedalsmarkja beitelag		2021/3164
ST 6/25	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om å fornye fleirårig løyve til motorferdsel - Øvre NAustdal Utmarkslag		2025/3129
ST 7/25	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om helikopterlanding og bruk av drone - Mastiff Entertainment AS		2025/3122
ST 8/25	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Fordeling av tiltaksmidlar for 2025		2019/4173
ST 9/25	Eventuelt		

ST 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 2/25 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2019/4183-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.02.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	1/25	04.03.2025

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 1/2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte vedtak

Torstein Holsen i Naustdal fekk løyve til å transportere saltstein med snøskuter inn til Svartepøyla, 18-20.februar.

Driftsbudsjett

Verneområdestyret har fått tildelt 95.000 i driftsbudsjett for 2025. Det skal dekke utgifter med styremøte, rådgjevande utval, kostnader med nettside, eventuelle turar/synfaringar og andre kostnader styret har. Om ein samanliknar med budsjett og forbruk i 2024, so skal dette vere dekkande for den aktiviteten som det er lagt opp til i styret.

Driftsstøtte til infrastruktur

På same måte som i fjor, får verneområdestyret ein pott på 50.000 kr som driftsstøtte til drift og/eller vedlikehald til infrastruktur. Dette er ganske frie midlar. Dei kan nyttast til oppdukkande behov gjennom året, eller til planlagde tiltak.

I fjor vart midlane brukt til vedlikehald av kloppar, og til driftsstøtte til dei som har toalett for ålmenta i innfallsportane.



Midlar til skjøtselsplan i Myklandsdalen

Vi fekk dessverre ikkje midlar til å få utarbeida skjøtselsplan for Myklandsdalen. Årsaka til at vi fekk avslag er at det ikkje er nok midlar på denne posten til å dekke behovet.

Vi kan prøve å få suppling eller restmidlar mot slutten av året, men vi får uansett ikkje gjort noko jobb her før tidlegast i 2026.

Eimhjellen naturreservat

Eimhjellen naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon 20. desember 2024. I same vedtaket vart forvaltningsmynde for naturreservatet lagt til Statsforvaltaren i Vestland.

Både Gloppen kommune, Statsforvaltaren og verneområdestyret ønskte at forvaltningsmynde skulle leggst til verneområdestyret. Vi veit og at grunneigarane var positive til ei slik løysing. Men, sidan naturreservatet ikkje ligg i, og ikkje grensar til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde so meiner Miljødirektoratet at det ikkje er opning for ei slik løysing.

Forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal som vi skreiv ferdig i fjor vart i desember sendt til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang og godkjenning før høyring. Dei skulle sjå på den so fort som råd, men dette kan erfaringsmessig ta litt tid. Direktoratet kan komme med ei tilbakemelding og krav/ønske om endringar før vi får sende planen ut på open høyring.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/25	04.03.2025

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for 2025

Innstilling frå forvaltar

Styret set datoar for styremøte 2/2025, styremøte 3/2025, styremøte 4/2025 og møte i rådgjevande utval.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Vedtekter for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Saksopplysningar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyret har i budsjettet lagt opp til fire møte i 2025. Det er og det som er minimum i følge vedtektene til verneområdestyret. I tillegg skal det vere møte i Rådgjevande utval, og her er det vanleg å ha eitt møte i året.

Styret må bestemme møtedatoar for styremøta ut 2025. Det er alltid lettare å få gjennomført møta på ein god måte om møteplanen vert bestemt tidleg på året. Forvaltar har gått gjennom dei politiske møtekalendarane til kommunane og fylkeskommunen, og prøvd å finne ledige datoar i dei mest aktuelle periodane.

Styremøte 1 er allereie bestemte (dette møtet).

Styremøte 2 er ofte lagt i mai eller juni. Møtet kan gjerne kombinerast med ei synfaring eller ein tur. Vanlege saker er oppfølging og planlegging av tiltak, søknader om motorferdsel og eventuelle byggesaker som er planlagt gjennomført om sommaren. Kan gjennomførast digitalt om det ikkje er synfaring/tur.

Aktuelle datoar for styremøte 2/2025:

5.5	22.5	10.6
7.5	23.5	13.6
8.5	26.5	20.6
9.5	28.5	23.6
12.5	30.5	24.6
13.5	2.6	25.6
16.5	3.6	27.6
19.5	5.6	
20.5	6.6	

Styremøte 3 er oftast tidleg på hausten, gjerne i september eller tidleg i oktober. Det møtet kan og gjerne kombinerast med synfaring eller tur. Særleg om ein skal opp i fjellet er det ofte gode forhold i september når all snø er vekke. Vanlege saker er status på tiltak og eventuelle justeringar og omprioritering mot slutten av året, i tillegg til eventuelle søknadssaker.

Aktuelle datoar for styremøte 3/2025:

8.9	15.9	23.9
9.9	16.9	24.9
10.9	19.9	26.9
12.9	22.9	

Her er det sett opp datoar i september. Slutten av august og starten av oktober kan og vere aktuelt.

Styremøte 4 er normalt det siste møtet for året. Dei viktigaste sakene der er planlegging av det komande året med søknad om tiltaksmidlar og budsjett. Det er eit møte som passar best å ha innandørs, men som bør vere fysisk. Blir ofte kombinert med ein middag, som ei årsavslutning for styret.

Aktuelle datoar for styremøte 4/2025:

17.11	1.12	8.12
18.11	2.12	11.12
21.11	3.12	12.12
24.11	4.12	15.12
25.11	5.12	

Det kan bli fleire styremøte, særleg om det dukkar opp saker som hastar og ikkje kan vente på neste ordinære møte. Dei møta er normalt sett på teams eller på e-post.



Rådgevinge utval har normalt eitt møte for året, og då på hausten. Årsaken til det er at møtet er eit godt høve for interessene der til å kome med innspel til neste års tiltak og andre prioriteringar. Utvalet sjølv har tidlegare ytra at dei vil ha møte i september. Møtet vert som regel halde på Skei, litt ut på ettermiddagen på ein kvardag.

Dei gongane det har passa, so har dette møtet gjerne vore kombinert med styremøte i verneområdestyret, og då er det mest naturleg å ha det saman med styremøte 3. Det er uansett ein fordel om ein får sett dato for møtet i samband med møteplanen for styret.

Ver obs på at utvalet skal rullerast no i 2025. Det kan derfor kome nye medlemmer og nye synspunkt på tid, stad og opplegg for møta i utvalet. Uansett kan det vere ein god ide å sette dato for møte i rådgevinge utval allereie no.

Anna aktivitet

Styret har ikkje planlagt studietur eller deltaking på konferansar i 2025, og ikkje søkt om ekstra midlar til det.

Vi har snakka om at styret skal ha ein fottur i verneområdet i løpet av året. Eit naturleg turmål då vil vere å gå til Longevasshytta, med eller utan overnatting. Ein tur dit kan kombinerast med styremøte 2 eller 3. Den beste sesongen der oppe er frå juni til og med september, litt avhengig av kor mykje snø det er i fjellet. Når det er mykje snø og store fonner, kan det vere litt krevande å passere Stegen og Stegsvatnet. Turen frå parkeringsplassen på Legestølen og opp til Longevasshytta tar 2-3 timar. Hytta har god kapasitet for overnatting og fine fasilitetar både for opphald og eit enkelt møte.



Arkivsaksnr: 2019/19446-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 28.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/25	04.03.2025

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Evaluering og rullering av Rådgjevande utval

Innstilling frå forvaltar

- Rådgjevande utval vert rullert og oppnemnd for ein ny periode, åra 2025-2028.
- Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane får plass i utvalet
- Grunneigarrepresentantane får spørsmål om dei ønskjer å fortsette i utvalet eller om dei vil gje vervet vidare.
- Ved byte av grunneigarrepresentantar skal ny representant i utgangspunktet vere frå eit anna gardsnummer enn den førre, eller vere oppnemnd av eit grunneigarlag eller liknande.
- Nytt utval skal vere oppnemnt i god tid før møte hausten 2025.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Vedtekter for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
- Vedtak om rullering av Rådgjevande utval 22.mai 2020
- Referat frå møte i Rådgjevande utval 16.september 2024

Bakgrunn

I vedtektene til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre står det at styret skal oppnemne eit rådgjevande utval:

«6.8 Oppnevne rådgivende utvalg

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal oppnevne et rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representanter for de ulike interessene i området. Formålet er å legge til rette for et godt samarbeid mellom forvaltningsmyndigheten, offentlige organ, grunneiere, næringsliv, frivillige organisasjoner og samiske interesser der det er relevant.

Rådgivende utvalg kan bl.a. bestå av representanter for grunneiere og rettighetshavere, friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner (f.eks. natur- og miljøorganisasjoner) og særlig berørte offentlige organer.

Nasjonalpark- og verneområdestyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.»

Verneområdestyret oppnemnde Rådgjevande utval første gong i 2012. Deretter vart det evaluert og rullert i 2015 og 2020.

Rådgjevande utval har sidan 2020 sett slik ut:

- Indre Sunnfjord turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Førdefjella villreinutval
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane
- Sunnfjord utvikling
- Visit Nordfjord
- Norges Naturvernforbund Sogn og Fjordane
- Nordfjord folkehøgskule
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Øyvind Hegrenes
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – representant frå Øvre Naustdal Utmarkslag
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Inge Erikstad
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Anne Marie Mjellem
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jan Ove Kornberg
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jostein Fuglestrand

Vi har som praksis at dersom ein representant ikkje kan møte, kan vedkommande sjølv ordne vararepresentant til å møte i sin stad og ta vare på dei same interessene.



Det har vore praksis å evaluere samansettinga og rullere om lag kvart fjerde år. Soleis er det på tide å rullere no i god tid før møtet i 2025. Evaluering og rulling av utvalet var oppe som sak når utvalet hadde møte 16.september 2024. Her er tilbakemeldingane som då kom fram i møte:

- Tilbakemeldingar frå styre, forvaltning og utvalet sjølv er at utvalet fungerer godt og har ei god samansetting. Ein ser ikkje grunn til å gjere større endringar.
- Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane har i nokre år blitt invitert som gjest, men ikkje vore formell medlem i utvalet. FNF SF bør no bli fullverdig medlem, det er ein sentral og viktig organisasjon/aktør.
- Representasjon frå interesse- og brukarorganisasjonar er elles dekkande.
- Det er viktig med god representasjon frå grunneigarane.

Vurdering

Det er ikkje grunn til å gjere store endringar i utvalet. Det fungerer godt slik som det er i dag, det tyder tilbakemeldingane frå utvalet sjølv på og det samsvarar med erfaringane til verneområdestyre og forvaltar. Ei lita endring bør ein likevel vurdere, og det er å innlemme Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane som fast medlem i utvalet.

Elles bør representasjonen frå organisasjonar vere som før, og ein kan og halde fram med praksisen der det er organisasjon eller verksemd som er representant og del vel sjølv kva person som stiller i møta og er kontaktperson. Representasjonen treng derfor ikkje vere personleg.

I Naustdal-Gjengedal er det over 500 private grunneigarar. Grunneigarrepresentasjon er derfor særskild viktig med og krevjande. Sjølv om tal grunneigarrepresentantar vart noko auka frå fem til seks representantar ved rullinga i 2020, og sjølv om grunneigarrepresentantane utgjør nesten halve utvalet, so er det framleis veldig mange grunneigarar som skal representerast gjennom eit relativt lågt antal representantar. Vi har ei bevisst geografisk fordeling av grunneigarrepresentantane, men det er likevel mange grender og særskild mange gardsnummer som ikkje er representert i utvalet.

Det har tidlegare blitt bestemt at ein grunneigarrepresentant maks kan sitte to periodar i utvalet, slik at ein skal få ei viss utskifting og fordeling av representasjonen over tid. Det er ein fornuftig praksis, men det kan og føre til at nyttig erfaring og lokalkunnskap blir satt til side på grunn av formalitetar. I denne rullinga er det ein grunneigarrepresentant som har sitte to periodar (Inge Erikstad).

I tillegg til å ha brei representasjon, både blant organisasjonen, verksemdar og grunneigarar, er det vel so viktig at vi har engasjerte representantar som møter på møta og er aktive der. Utvalet og representantane er viktige bindeledd, både for å få informasjon og innspel frå grunneigarar og brukarar på «grasrota» inn til styre og forvaltning, men og å få informasjon ut motsett veg.



Rådgjevande utval har i det store og heile fungert godt i den førre perioden. Deltaking i møta har variert noko og kunne vore betre, men dei som har møtt har vore aktive og engasjerte. Vi har hatt gode diskusjonar i utvalet der ulike synspunkt har kome fram. Vi har og fått gode innspel til tiltak som forvaltninga bør prioritere å jobbe med.

Der kor ein har velfungerande og aktive grunneigarlag eller liknande kan dei gjerne representere. Vi har til dømes god erfaring med å ha Øvre Naustdal Utmarkslag som representant for grunneigarane i Naustdal. Då kan styre i laget velje kven som skal representere på kvart enkelt møte.



Arkivsaksnr: 2021/3164-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/25	04.03.2025

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - fornye fleirårig løyve til transport av saltstein - Gjengedalsmarkja beitelag

Innstilling frå forvaltar

Gjengedalsmarkja beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter på desse tre rutene:

- Gjengedalsstøylen – Styggelivatna
- Gjengedalsstøylen – Botnane/Dyrkjinfjellet
- Gjengedalsstøylen – Fosselledalen

Løyvet gjeld for perioden 1.jan-31.mars i dei åra 2025 til 2028. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3.b) og gjeld på desse vilkåra:

- Løyvet skal vere med under køyring.
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilag dagar.
- Det skal nyttast registrert snøskuter i forskriftsmessig stand, og det skal brukast hjelm under køyring.
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) seinast dagen før køyring. SNO kan nekte køyring dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyring skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.

Saksutgreiing


Dokument i saka:

- Søknad om fornying av løyve frå Gjengedalsmarkja beitelag
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Løyve til saltsteintransport med snøskuter 2021-2024

Søknaden

Gjengedalsmarkja beitelag har i fleire periodar hatt løyve til å transportere saltstein ut i beiteområdet sitt i Gjengedalen med snøskuter, slik at saltsteinane er på plass før beitesesongen begynner. Løyvet gjeldet for turar frå Gjengedalsstøylen til Styggelivatna, til Botnane/Dyrkjinfjellet og til Fosselvedalen.

Gjengedalsmarkja beitelag søker no om å få fornya løyvet sitt for fire nye år, altså perioden 2025 til 2028, på same vilkår som før.





Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Men forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til køyring av saltsteinar jamfør § 3 punkt 5.3:

§3 vernereglar

5.3. *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Verneområdestyret har altso heimel til å gje eit slikt løyve som det er snakk om.

I tillegg til ein eventuell dispensasjon til motorferdsel i landskapsvernområdet, må søkjaren sørge for at køyringa er i tråd med lova om motorferdsel i utmark (løyve eller klarering hjå kommunen) og løyve frå grunneigar til å køyre på grunnen.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Gjengedalsmarkja beitelag er ei samling av beitebrukarar som leiger sauebeite i Gjengedalen og fjella rundt. Dei har hatt beitedyr i området i mange år og er godt kjende med forvaltning og reglar. Beitelaget har i ei årrekke hatt løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter i forkant av sesongen, og dei søker no om løyve for ein ny periode.

Det er mange beitedyr i Naustdal-Gjengedal og mykje aktivitet knytt til beitebruk. Det er og ein ønske aktivitet for å ta vare på kulturlandskapet og tradisjonell bruk av området. Transport av saltstein er ein naturleg del av denne bruken og motorferdsel til det føremålet er derfor eit vanleg og rimeleg behov i verneområdet. Det er omtala både i verneforskrift og forvaltningsplan, og verneområdestyret har som forvaltningspraksis å gje løyve til dette føremålet.

Rutene som beitelaget vil køyre og «depota» for saltsteinar som dei legg der har dei brukt i mange år og er ganske dekkande for beiteområdet. Det er i tillegg ruter som går an å køyre med snøskuter og slede på normalt gode snøforhold.

Området innanfor Storevatnet er kalvingsområde for villreinstammen i området. Villrein er sårbar for uro i tida før og under kalving, og dette må takast omsyn til. Forvaltninga har lagt seg på ein praksis der ein ikkje gjev løyve til skuterkøyring i kalvingsområdet etter 31.mars. I tillegg brukar vi å ha vilkår for å unngå å uroe villrein dersom den skulle trekke inn i dette området før 31.mars.

Både beitebrukarar og forvaltninga har lang erfaring med motorferdsel og motorferdselløyve i verneområdet. Vi har erfart at det langt i frå er alle år kor det er tilhøve til å få gjennomført transportane. Det er krevjande terreng som krev godt skuterføre. Dei er derfor avhengig av ein viss fleksibilitet i løyva for å kunne nytte gode tilhøve når dei er der. Forvaltninga har ikkje registrert nokon negative verknader på verneverdiar eller naturmiljø, og vi har heller ikkje fått negative reaksjonar på desse løyva til no.



Forvaltninga har som praksis at ein gjer løyve for inntil fire år i gongen. Det aktuelle i denne omgang er derfor å gje løyve for perioden frå 2025 til og med 2028.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle tiltak som kan påverke natur og miljø vurderast opp mot nml §§ 8-12. § 8 handlar om kunnskapsgrunnlaget. I denne saka er kunnskapsgrunnlaget basert på erfaringar frå tidlegare løyve, både til Gjengedalsmarkja beitelag og til andre aktørar. Forvaltninga kjenner området særskilt godt gjennom fleire saker, synfaringar og tiltak.

Den samla belastninga av motorferdsel og anna aktivitet i området vert vurdert til å vere innanfor det akseptable (jamfør nml § 10). Motorferdsla i dette området avgrensar seg til eit lågt tal turar med snøskuter for beitenæringa. Dette er aktivitet som er godt regulert og vurdert gjennom regelverk og sakshandsaming. Transportmetoden som det er søkt om, er blant dei mest skånsame metodane jamfør nml § 12.

Nml §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.



Arkivsaksnr: 2025/3129-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 20.02.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/25	04.03.2025

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om å fornye fleirårig løyve til motorferdsel - Øvre Naustdal Utmarkslag

Innstilling frå forvaltar

Øvre Naustdal Utmarkslag får løyve til bruk av beltekøyrety på vinterføre i samband med transport av varer, material og utstyr til hytter og stolar. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3 e) og f). Løyvet gjeld for perioden 2025 – 2028 og for perioden 1. jan til 31.mars desse åra. Det kan køyrast inntil 10 turar kvart år i perioden.

Løyvet er gjeve på følgande vilkår:

- Løyvet gjeld for snøskuter og ATV med beltesats.
- Dette løyvet skal vere med under køyring.
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport eller rekreasjonskøyring.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar eller heilagdag.
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500 meter.
- Statens Naturoppsyn v/Rune Holen skal varslast før transporten tek til (sms til 97 59 51 02).
- Kvart år skal det sendast rapport til forvaltingsstyresmakta om gjennomførte transportar.

All køyring må vere i tråd med reglane i lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for dette.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fornying av fleirårig løyve til motorferdsel frå Øvre Naustdal Utmarkslag
- Løyve for perioden 2019 til 2024
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO

Søknaden

Øvre Naustdal Utmarkslag søker om å få fornya sitt fleirårige løyve til motorferdsel på vegner av medlemmene i Utmarkslaget. Utmarkslaget har i ti år administert eit løyve på vegner av medlemmene som har hytte eller støl inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Løyvet har vore på inntil ti turar kvart år i ein periode på fem år. Utmarkslaget søker om nytt løyve for ein ny periode med same omfang og same vilkår som tidlegare.

Regleverk

I landskapsvernområdet er motorferdsel i utgangspunktet forbode, jf verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Forvaltingsstyresmakta kan likevel gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfeller, jf. § 3 punkt 5.3:

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

- e) transport av varer til hytter og stølar*
- f) transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.*

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot nml §§ 8-12.

Motorferdsel i utmark vil ofte krevje løyve frå kommunen og frå grunneigar i tillegg til løyve frå verneområdeforvaltninga. Det er søkjaren sjølv som har ansvar for at dette er på plass om i dei tilfella det er naudsynt.

Vurdering

Transport av utstyr og forsyningar til hytter er både eit vanleg og akseptert behov i verneområda. I Naustdal-Gjengedal står det omtala både i verneforskrift og i forvaltningsplan. Her kan vi sjå kva forvaltningsplanen seier om transport til hytter og stølar:

«Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til transport av varer, forsyningar og utstyr til hyttar og stølar i landskapsvernområdet. Transportmåte og omfang må vurderast i kvar enkelt sak. Normalt sett vil ein kunne få løyve til inntil fem turar årleg til hytter og stølshus, men ved særskilt behov kan det opnast for fleire turar. Ved jamlege behov er det aktuelt med fleirårige løyver. Det er og ynskjeleg at fleire med transportbehov i same området samarbeider om dette, slik at ein reduserer motorferdsla til eit minimum.»



Det løyvet som Øvre Naustdal Utmarkslag (ØNU) søker om er i det store og heile i tråd med det som står i forvaltningsplanen. Det er veldig positivt at fleire grunneigarar går saman om eit felles løyve som fleire kan nytte seg av. Det reduserer både det totale talet på løyver og turar, og det reduserer mengda sakshandsaming både for forvaltninga og grunneigarane.

Utmarkslaget har hatt felles løyve til motorferdsel i fleire år. Forvaltninga har ikkje registrert negative verknader eller tilbakemeldingar på bruken av dette løyve og slik vi ser det har utmarkslaget administrert løyvet sitt på ein veldig god måte. Dette er eit område som forvaltninga kjenner godt, gjennom mange synfaringar, turar, tiltak og saker som har vore her. Kunnskapsgrunnlaget både om området generelt, og motorferdsel i området spesielt, er særskildt godt. Kravet i nml § 8 er derfor oppfylt.

Det er positivt at medlemmene i utmarkslaget har samla seg om ein felles søknad og løyve. Då er det lettare å få til samarbeid om transportane og det samla omfanget av motorferdsel vert lågare. Øvre Naustdal Utmarkslag har hatt dette løyve i mange år no, og det har fungert veldig bra. Den samla belastninga av motorferdsel, inkludert presedens som er skapt av dei løyva som er gjeve, er innanfor det som er akseptabelt (jamfør nml § 10).

Området ligg inne i leveområdet til villreinen i Førdefjella villreinområde. Sjølv om dette dalføret ikkje er veldig mykje i bruk, so er det likevel definert som kalvings- og oppvekstområde. Det er dei mest sårbare områda for villreinen, og viktig at ein unngår uro i kalvings- og oppvekstområda i perioden fram mot, under og rett etter kalving. Forvaltninga har derfor som praksis at ein ikkje opnar for motorferdsel i kalvings- og oppvekstområde etter 1.april. Andre løyve i same området har og den avgrensinga.

Området er eit populært turområde, særleg i vinterhalvåret. For å ikkje uroe turfolk i området bør ein unngå køyring på sundagar og heilagdagane.

Søknad og tidlegare løyve gjeld både bruk av snøskuter og ATV med belte. Det er snøskuter som er mest vanleg å bruke, men i ein del tilfelle er ATV med belte vel so godt eigna. I forskrifta er det omgrepet «beltekøyrety» som er brukt, og det inkluderer degge deler. I følge nml § 12 skal dessutan ein nytte mest skånsame metode for å få løyst behovet, og det er beltekøyrety som er mest skånsam for terrenget.

Det førre løyvet gjaldt for fem år, og for perioden 1.januar til 15.april kvart år i perioden. Seinare år har styret lagt seg på ein praksis der ein gjer fleirårige løyve inntil fire år, altså ein styreperiode.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje relevante i saka.



Arkivsaksnr: 2025/3122-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.02.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/25	04.03.2025

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om helikopterlanding og bruk av drone - Mastiff Entertainment AS

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar innstiller på å avslå søknaden, basert på miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova:

- Produksjonen kan leggst utanfor verna område, jamfør nml § 12.
- Det samla omfanget av motorferdsel, i tillegg til presedens av eit so omfattande løyve, vert uakseptabelt stort, jamfør nml § 10.

Vedtak:

1. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknaden frå Mastiff Entertainment AS om løyve å lande med helikopter inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i samband med tv-produksjon.
Avslaget er gjort med heimel i naturmangfaldlova §§ 10 og 12.
2. Mastiff Entertainment AS får løyve til bruk av drone inne i Naustdal-Gjengedal i samband med tv-produksjon. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd og gjeld for inntil 18 timar flyging i perioden juni til august 2025.
Flyginga må vere i tråd med anna regelverk for bruk av drone.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om helikopterlandingar og dronebruk frå Mastiff Entertainment AS
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova
- Retningslinjer for dronesaker i Naustdal-gjengedal landskapsvernområde

Søknaden

Mastiff Entertainment AS har sendt inn søknad om helikopterlandingar og dronebruk i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Dei har planer om ein tv-produksjon i regionen der dei vil bruke fleire definerte «sektorar» i utmark/fjellområde. Det er ein omfattande søknad med mange helikopterlandingar fordelt på fleire periodar og dagar. ein av sektorane dei vil bruke ligg inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det er snakk om 1-3 innspelingar av konseptet, der det skal produserast ein sesong for norsk tv, og kanskje to sesongar for utanlandsk tv (avhengig av sal). Konseptet og produksjonen krev transport og bruk av mykje utstyr om materiell.

Dei søker om løyve til å lande eit viss antal gonger per dag, inntil eit visst antal dagar i sektoren. Søknaden legg opp til inntil totalt 160 landingar fordelt på tre innspelingar (sjå oppsett i søknad). I tillegg søker dei om løyve til å filme med drone under innspelingane, inntil 1,5 time per dag i opp til 12 dagar.

Mastiff presiserer at dei vil tilpasse aktiviteten til tilbakemelding og handsaming av søknad, og kunne tilpasse seg løyve på delar av aktiviteten. Dei viser til fokus på miljø og på vern av flora og fauna under produksjonen. Dei viser og til at dei kjenner til krav om løyve frå grunneigar og kommunar, og koordinering opp mot Statens naturoppsyn.

Regelverk

Motorferdsel til vanns og til lands, inkludert landing med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1.) Forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon til motorferdsel til visse føremål, men film- og tv-produksjon er ikkje blant desse. Saka må derfor vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48.

Bruk av drone er heller ikkje lov, sidan det i den nemnde paragrafen er presisert at *«Forbode gjeld også bruk av modellfly, modellbåt og liknande dersom dei har motor.»* Løyve til bruk av drone må også vurderast etter nml § 48. I begge tilfella er det første alternativ i regelen som er aktuell å bruke (mi understreking).



§ 48.(dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Jamfør nml § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast etter miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Landing med helikopter i utmark må normalt sett ha løyve frå kommunen der landinga skjer og i tillegg løyve frå grunneigar, i tillegg til handsaming i verneområdestyret. Det er søkjaren sitt ansvar å sette seg inn i kor vidt det er behov for dette og å få dette på plass.

Naturmangfaldlova § 48

Denne saka skal vurderast etter naturmangfaldlova § 48 og den generelle dispensasjonsheimelen der. Det er ein regel som berre skal brukast unntaksvis og kor terskelen for å gje løyve skal vere høg. Regelen seier at ein kan gje dispensasjon dersom tiltaket eller aktiviteten ikkje er i strid mor verneføremålet og ikkje kan påvirke verneverdiane nemneverdig. Vi må då sjå til det som er føremålet med vernet av Naustdal-Gjengedal, som står i verneforskrifta § 2:

§ 2. Formål

Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Vi bør og sjå til det som er føremålet bak bruken av verneforma landskapsvernområde, som står i naturmangfaldlova § 33. Når eit område vert verna som landskapsvernområde er det først og fremst for å verne om særpreg og karakter, og ein skal ikkje sette i verk tiltak som kan endre dette vesentleg.

Landingar med helikopter set ikkje spor, og har ikkje påverknad på landskapet. Særpreg og karakter vert ikkje endra, sjølv ikkje ved stort omfang, so lenge det er ein aktivitet som er avgrensa i tid. Men, ein skal vere klar over at det er ein del av verneføremålet at området skal kunne nyttast til eit tradisjonelt friluftsliv. Ein aktivitet som er i konflikt med det tradisjonelle friluftslivet og som kan redusere ålmenta sin tilgang til friluftsliv og naturopplevingar vil derfor kunne vere i strid med verneføremålet.



Konklusjonen vert derfor at so lenge det vert sett vilkår slik at ein ikkje kjem i konflikt med friluftsliv, so er ikkje tiltaket i strid med verneføremålet. Det betyr at naturmangfaldlova § 48 kan brukast til å gje løyve. Det må likevel gjerast ei fagleg og skjønsmessig vurdering om det er tilrådeleg å gje løyve og om det er i tråd med andre føresegner i lovverket.

Vurdering

Dette er ei prinsipiell og viktig og omfattande sak, som krev ei grundig og medviten vurdering innanfor det skjønnsrommet som politikarane i verneområdestyret har. Eit produksjonsselskap ønskjer å bruke delar av Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde som kulisser for eit tv-program.

Konseptet krev mykje utstyr og truleg mannskap som må fraktast med helikopter. Mastiff har og eit behov for eim viss fleksibilitet i bruken av motorferdsel. Den totale ramma for motorferdsel som det er søkt om vert derfor veldig stor. Potensielt kan det kome opp mot 160 landingar slik det er lagt opp i søknaden, sjølv om det reelle talet nok vert vesentleg lågare.

Naustdal-Gjengedal har ein del motorferdsel frå før. Då er det i all hovudsak snakk om bruk av snøskuter og helikopter og transport til hytter, stolar og i samband med beitebruk. I dei sakene er det snakk om ein handfull landingar eller turar i kvart tilfelle eller kvart år. Det omfanget som vi ser her har vi ikkje sett i saker tidlegare. Vi har hatt nokre saker der det har vore gjeve løyve til bruk av drone til produksjon av film eller tv tidlegare, men ikkje helikopter. Vi har derfor ikkje forvaltningspraksis å støtte oss til, dette vert ei heilt ny type sak. Vi må derfor vere obs på at denne saka vil skape presedens for framtidige saker.

Verneområdeforvaltninga har som mål å gjere området meir kjend. Det går fram av besøksstrategien for verneområdet. Gjennom fleire tiltak og satsingar tidlegare har ein brukt noko ressursar på det. At verneområdet blir brukt i ein tv-produksjon vil gjere det meir kjent, og eit løyve vil derfor kunne vere med å bidra til å oppnå eit av forvaltninga sine mål for området.

Det meste av sektoren som det er søkt om å lande i, ligg inne i Førdefjella villreinområde. Det er ikkje i det sårbare kalvingsområdet, men i hovudsak sommar- og haustbeiteområde. Beiteområdet er ikkje veldig mykje i bruk, men her er truleg villrein innom kvart år. Og med villrein er det som kjent vanskeleg å spå på førehand. Landingane skal skje i sommarmånadane og då er villreinen ganske robust med tanke på uro. Helikoptertrafikken er derfor ikkje veldig problematisk for villrein, men det er likevel eit prinsipielt spørsmål om ein bør opne for sopass omfattande helikoptertrafikk i leveområda til villreinen.

Sektoren omfattar og delar av Naustdal-Gjengedal som er populære område for friluftsliv. Her ligg Longevasshytta, og vi har stinettverket med T-merka stiar som fører til hytta. Både ruta frå Legestølen, som er den mest brukte, og ruta frå Myklandstøylen ligg inne i sektoren. Omfattande helikoptertrafikk og anna aktivitet tett på hytta og merka stiar vil kunne vere til sjenanse for friluftsbukarar og vil derfor vere i strid med verneføremålet.

Ut over villrein og friluftsliv er det ikkje andre sårbare førekomstar eller særskilde omsyn å ta. Men ein må ha med seg at det meste av verneområdet er beiteområde for bufe og at ein må ta omsyn til det i all aktivitet. Forvaltninga har god kjennskap til dei områda det er snakk om og kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er tilfredsstillande. Naturmangfaldlova § 9 vert derfor ikkje brukt.

Vi må kunne gå ut i frå at årsaka til at Mastiff vil bruke Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde som «kulisse» eller lokalsjon for innspeling, er at her er vakker natur og eit landskap som høver godt som ramme for innspelinga. Vakker og urørd natur er og grunnen til at det er verna og skal takast vare på. Samstundes er dette eit konsept som krev mykje materiell og der arbeidsoppgåver og utfordringar knytt til materiellet har stort fokus. Slik sett skil det seg frå andre konsept der utfordringane knytt til å meistre naturen er i fokus. Naturmangfaldlova § 12 set krav til at mast skånsame lokalisering skal veljast. Vi har då eit prinsipp i forvaltninga at det som ikkje må gjerast inne i verneområdet, skal leggjast utanfor. Ut i frå konseptet til denne produksjonen kan det virke som at dette kan gjerast utanfor verna område, og derfor ikkje bør få løyve innanfor.

I naturmangfaldlova § 10 står det at ein skal vurdere samla belastning av tiltaket på økosystemet, og i tillegg ta med effekten av framtidige tiltak som kan kome av ein eventuell presedens som følgje av løyvet. I dette tilfellet er det som sagt søkt om eit særst stort omfang, vesentleg større enn det vi har handsama og gjeve løyve til tidlegare. Dersom ein reknar helikopterlanding som ei belastning på området so blir den belastninga stor. Når det og er snakk om å gje meir omfattande løyve enn det som har vore gjort tidlegare, so skapar det presedens. Vilkår om lik handsaming av søkarar vil då tilseie at liknande søknadar seinare kan rekne med å få løyve.

I søknaden er det og søkt om bruk av drone til filming. Dronebruken er vesentleg mindre problematisk enn helikopterbruken. For det første er bruk av drone i seg sjølv mindre støyande, mindre uroande og vesentleg mindre problematisk enn bruk av helikopter. Omfanget er ganske stort til dronesøknad å vere, totalt 18 timar. Men det er spreidd ut over heile sommaren og bruk av drone i regulerte former er i seg sjølv ikkje veldig problematisk. Eit løyve til bruk av drone i tråd med søknaden er derfor både fagleg og juridisk forsvarleg å gje.

Som sagt er dette ei vanskeleg og prinsipiell sak. Her er ikkje noko enkelt fasitsvar på om denne søknaden bør få løyve eller ikkje, det kjem an på kva verdiar og mål ein legg vekt på. På den eine sida er det veldig omfattande motorferdsel det er søkt om. Og tilsynelatande kan dei aktivitetane det er snakk om her gjennomførast utanfor verna natur. Å gje eit løyve slik som det her er søkt om vil for mange ikkje harmonere med forvaltning av verna natur i Noreg. På den andre sida vil produksjonen bidra til å gjere området, naturkvalitetane og verneverdiane meir kjent, noko som er i tråd med forvaltninga sine eigne mål. Og bruk av helikopter set ikkje varige spor, sjølv ikkje i stort omfang.



Her er argument både for og i mot å gje løyve. Etter å ha vurdert argumenta for og i mot landar forvaltar under tvil på å innstille på å avslå søknaden. Om styret derimot landar på å gje løyve, so bør omfanget reduserast og det bør leggst vilkår for å redusere negativ påverknad til eit minimum.

Naturmangfaldlova § 11 er ikkje relevant og derfor ikkje vurdert.



Arkivsaksnr: 2019/4173-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.02.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	8/25	04.03.2025

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Fordeling av tiltaksmidler for 2025

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fordeler tiltaksmidlane for 2025 på følgjande måte:

Prioritet	Tiltak	Kostnads- overslag (totalt)
1	Skjøtsel Ryggjastøylen	50 000
2	Skjøtsel Arnestadstøylen	50 000
3	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	30 000
4	Skjøtsel Fitjestøylen	50 000
5	Skjøtsel Gimmedstøyle	50 000
6	Skjøtsel Nesstøylen/Kandalsstøylen	50 000
7	Skjøtsel Sandsstøylen	50 000
8	Drifteveg i Traudalen	25 000
9	Buføringsveg mot Breidalen	60 000
10	Bru ved Svostølen (Naustdal)	30 000
11	Vedlikehald av kloppar	60 000
12	Sti Arnestadstøylen	20 000
13	Remerking av stiar	30 000
14	Fjerning av ikkje-ynskte artar	100 000
15	Reparere utedo ved Nes- / Ytre Kandalsstøylen	60 000
16	Nibberåsa i Traudalen	85 000
17	Informasjonsskilt	0
	Sum	860 000

Verneområdeforvaltar har fullmakt til å omdisponere inntil 20.000 kr utan at det krev vedtak i styret. Større omdisponeringar enn det krev godkjenning i verneområdestyret.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler
- Tiltaksplan
- Tildeling av tiltaksmidler for 2025

Fakta i saka

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sendte før jul i fjor inn søknad om tiltaksmidler til Miljødirektoratet. Søknaden inneholdt 17 ulike tiltak og det vart totalt søkt om 860.000 til desse tiltaka. Søknaden bygde på revidert tiltaksplan for verneområdet.

Miljødirektoratet har no handsama søknaden og fordelt tiltaksmidlane frå den aktuelle posten på statsbudsjettet. Naustdal-Gjengedal har fått 800.000 og alle dei 17 tiltaka er godkjende.

I tillegg har styret fått 50.000 i driftsstøtte til vedlikehald og drift av infrastruktur. Dette er ganske frie midlar som står på ein annan post i budsjettet.

Handsaming i møtet

Verneområdestyret skal prioritere og fordele dei tildelte midlane. Tildelinga i år er særskild god og nesten heilt i tråd med det som var søkt om. Styret må «spare inn» 60.000 kr samanlikna med søknaden.

I søknaden har alle tiltaka ei unik prioritering frå nummer 1 til nummer 17. Det er naturleg at styret tek utgangspunkt i søknaden, men styret står fritt til å både endre prioritering og endre på summane til kvart tiltak.

Eg har sendt ut spørsmål til grunneigarlagane som brukar å ha skjøtselsavtale for å spørre kor mykje dei vil ha avtale om. Arnestad har meldt tilbake at dei har litt meir omfattande planer enn i fjor, og at dei gjerne vil ha 50.000 i sin avtale. Eg har derfor lagt inn den summen på dei, i staden for 30.000 som stod i søknaden.

I innstillinga har eg kuttet heile summen på 50.000 til Informasjonsskilt. Det var prioritert sist, og vi har ikkje konkrete planer om fleire skilt per no. Eg har redusert summen til vedlikehald av kloppar med 15.000. Der kan vi supplere med driftsstøtte til vedlikehald og drift som styret får i tillegg til tiltaksmidlane. Og so har eg redusert tildeling til Nibberåsa med 15.000, grunna låg prioritering og litt uklar plan.

Det vil ofte komme endringar og justeringar gjennom året. Derfor kan det vere greitt om forvaltar får fullmakt til å omdisponere inntil ein viss sum utan at dette krev vedtak frå styret.

ST 9/25 Eventuelt